

Storsamling for ungdomsråda i Lindås, Meland og Radøy

26 ungdomar var samla til storsamling i Kvalheimsneset på Radøy 9-11 februar 2018.

Tema for samlinga var: Bli kjent med korleis dei andre ungdomsråda arbeider og få kunnskap om lokalmiljøet for barn og unge i dei ulike kommunane og skape eit samarbeid fram mot ein ny kommune.

Dette vart gjennomført i løpet av helga:

- Besøk frå programansvarleg Ørjan Forthun.
 - o Fortalte om bakgrunnen, strukturen og korleis dei jobbar med å slå saman tre kommunar til ein storkommune.
- Besøk frå ordførarane
 - o Verkar interesserte i kva me ungdomar hadde å seie og tok til seg dei nye innspela.
 - o Ungdommen stilte spørsmål som dei synest var viktige som til dømes betre vegar, betre skysstilbod, ta vare på ungdomsklubbane i distrikta, bevare nynorsken, fritidstilbod, kulturskulen, ungdomskoordinatorstilling, helsetilbod og ta vare på distrikta.
- Kafédialog – utveksla erfaringar og starta samarbeid. Tema som var oppe var helse, oppvekst, fritid, fritidsklubbar, skyss og ungdomsråd.
- Skape vårt draumesamfunn: Me fekk utforme våre eigne draumesamfunn.
- Felles møte- kva gjer me vidare?
- Presenterte våre ungdomsråd
 - o Korleis arbeider me, kva sakar me har, struktur, vedtekter og utfordringar .

Kva me ynskjer å arbeide vidare med:

- Me ynskjer å arrangere pizza/tacodialog mellom politikarane og dei tre ungdomsråda.
- Demokratiprogram for barn og unge i Alver kommune.
- Felles komité med representantar frå alle tre ungdomsråda–Arbeide med kommunesamanslåinga og strukturen til ungdomsrådet, demokratiprogram
 - o Studietur – stønad – sjå korleis andre kommuner har gjort det → Oppegård kommune
 - o Vere meir involverte i referansegrupper – vere med i prosessen – representere barn og ungdom
 - o Vere med på møte i fellesnemnda
 - o Ynskjer å arrangere konferanse for ungdom i alle tre kommunane – om samanslåing og ungdomsråd
 - o Ynskjer å arrangerer eit arrangement for ungdom – samle ungdom i alle tre kommunane

Med helsing

Ungdomsråda i Radøy, Lindås og Meland